

Studieplan for PRMEDISIN Medisinstudiet (2005-plan)

Denne studieplanen gjeld for alle studentar med opptak til medisinstudiet ved Universitetet i Bergen frå 2005 til og med 2014.

Namn på grad

Profesjonsstudiet i medisin fører fram til graden cand.med. Studiet tek 6-6½ år.

Undervisningsspråk

Norsk

Studiestart – semester

Haust

Mål og innhald

Profesjonsstudiet i medisin fører fram til graden cand.med. Studiet tek 6-6 1/2 år.

Føremålet med medisinstudiet er å gi deg det teoretiske, praktiske og åtferdsmessige grunnlaget som er nødvendig for legeyrket. Gjennom studiet utviklar du forståing for dei biologiske, psykiske, miljømessige og sosiale faktorane som ligg til grunn for den menneskelege helsa. Du får også innsikt i helseøkonomi og organisering av helsevesenet. Medisinstudiet gir i tillegg grunnlag for vidareutdanning og forskarutdanning.

Medisinstudiet inneheld mykje klinisk teneste som omfattar eit vidt pasientgrunnlag, frå primærhelseteneste i norske kommunar til sentraliserte spesialavdelingar ved sjukehus, og frå akuttmedisin til omsorg for kronisk sjuke pasientar.

Forskarlinja er eit spesialtilbod for ei gruppe medisinstudentar (inntil 10 %) som har interesse for medisinsk forskning og som kan tenkje seg ei forskarkarriere i framtida. Studentane på forskarlinja følgjer det ordinære medisinstudiet. Spesialtilbodet er at desse studentane i tillegg får ei organisert forskaropplæring og driv eiga forskning med skrivning av forskingsoppgåve som kan vere starten på ei doktoravhandling. Studentar som vel forskarlinja får eit medisinstudium på 7 år.

Læringsutbyte

Kunnskap

Etter fullført studium skal kandidatane kunne:

- Greie ut om dei ulike biologiske, psykiske, miljømessige, sosiale og kulturelle faktorane som ligg til grunn for mennesket si helse, for utvikling av sjukdom og skade, og for samspelet mellom desse faktorane også i behandling og førebygging.
- Greie ut om korleis helsevesenet er organisert og om samspelet mellom dei ulike medisinske fagdisiplinar, offentlege og private helsetilbod i behandlinga av pasientane.

Praktiske evner/Ferdigheiter

Etter fullført studium skal kandidatane kunne:

- Bruke vitenskapleg baserte og formålstenlege metodar for diagnostikk, behandling og førebygging av sjukdom innan det medisinske fagområdet med tanke på å hjelpe liding, sjukdom eller skade hos pasienten.
- Samspele med pasienten i diagnostikk, planlegging og gjennomføring av behandling og førebygging.

- Gjennomføre rasjonelle og effektive arbeidsrutinar.
- Kritisk vurdere det vitenskapelige grunnlaget for fagleg kunnskap og faglege avgjerder.
- Bruke samfunnets ressursar til helsevesenet på ein mest mogleg rettferdig måte, inklusive prioriteringar på individnivå.
- Tolke og kommunisere dei avgrensingane som ligg i metodar som legevitskapen nyttar seg av, og forholdet mellom det teknisk og samfunnsmessig moglege og det menneskeleg ønskelege.

Generell kompetanse

Etter fullført studium skal kandidatane kunne:

- Skape kontakt, trygghet og tillit i lege-pasient-forholdet.
- Reflektere over etiske problemstillingar, og kunne møte menneske som treng deira råd og tenester på ein ansvarleg og respektfull måte.
- Skape god samhandling og gode samarbeidsrelasjonar til andre kollegaer og medarbeidarar i helsevesenet
- Utøve ein vitenskapleg tenkjemåte, og vise ei kritisk tilnærming til forskingsresultat.
- Vise evne til refleksjon over eigen åtferd og eiga læring, og ta ansvar for eiga vidare- og etterutdanning gjennom yrkeslivet

Opptakskrav

Generell studiekompetanse og MEROD: Matematikk R1 (eller Matematikk S1 og S2) og Fysikk 1 og Kjemi 1 og 2

Delstudium i utlandet

Studieopphald i utlandet kan vere nyttig for kommande legar. Det medisinsk-odontologiske fakultet samarbeider med mange ulike lærestader om studentutveksling. Dette skjer i hovudsak innanfor faste nettverk som Nordplus og Erasmus+.

Relevans for arbeidsliv

Ved avslutta studie blir du autorisert som lege. For å kunne spesialisere deg må du ha gjennomført gjeldande turnusordning. Som lege kan du arbeide på sjukehus, som fastlege i primærhelsetenesta eller på andre område som krev medisinsk kompetanse. Du kan òg halde fram innan forskning og bidra til å betre livskvaliteten og helsa til store grupper i samfunnet i framtida.

Skikkavurdering og autorisasjon

Som utdanningsinstitusjon skal vi vurdere om du er skikka til å utøve yrket som helse- eller sosialpersonell. Vurderinga omfattar både faglege, pedagogiske og personlege føresetnader, og vil gå føre seg under heile utdanninga - jf. Forskrift om skikkethetsvurdering i høgere utdanning (gjeldande frå 1. august 2006).

Når du er ferdig med studiet, blir du autorisert som lege. Statens Autorisasjonskontor for helsepersonell (SAK) har meir informasjon om autorisasjonsordninga.

Administrativt ansvarleg

Det medisinsk-odontologiske fakultet.